




Faukstad og Bjørkum i Helgheim

**Landets einaste trekkspelf professor Jon Faukstad frå Heidal i Gudbrandsdalen har runda 68 men bommar framleis ikkje på bassane. Det synte han til fulle i Helgheim i kveld der han saman med Per Sæmund Bjørkum på fiolin gav rundt 30 tilhørarar ei stor musikalsk oppleving - og til og med dans til slutt. Slovenarar og oddingar var like begeistra og duoen måtte kvittera med ekstranummer. Sloveneranes dom var at det hadde vore ein perfekt kveld**



Faukstad med einradar

Som då dei var innom Kvinnherad i fjor på turne gjennom Den kulturelle spaserstokken vart Brursuiten som dei har komponert sjølve eit av høgdepunkta. Den er sett saman av leikar frå dalenes dal, Men også Lyarn inspirert av Skottetoget var ein fulltreffar. Dei 2 skal ellers ha ros for at så mange som 4 låtar av trekkspelkongen Oddvar Nygård frå Sør-Fron var med i konserten og med Vals te tusen på topp. Gjennom den får ein verkeleg sanne det eit



jury medlem ein gong sa om sørfrøningen - at han har ein sound som er hans eigen.

Elles var musikanane også innom Hedemarken med ein låt av Lars Hollo og to av rørosingen Sven Nyhus. Men heller ikkje Vestlandet var gløymd - Vaknande vår av Anders Viken er så vakker at ein nesten kan høyra at lauvet sprett.

Ein halvtime med dans så støvet fauk var midt i blinken og så enda kvelden omtrent som eit ungdomslagsmøte på 1950-talet - sjølv sagt i regi av Kristian Olav Bringedal!

Det må ikkje oppfattast som kritikk, men vi kunne gjerne høyrte professoren spela meir på einradaren enn berre eit stutt mellomspel. Det er noko spesielt med durspel....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Og så var det dans til slutt..